



Damevennene treng frivillige til ulike oppgaver ved julegrantenninga.

Julegrantenninga er lagt til den fyrste fredagen i desember slik det har vore den siste tida. I år vert det fredag 1. desember kl. 17. Damevenene som står for praktisk tilrettelegging og salg, treng hjelp. Musikklaget pyntar og spelar ved opninga. I kyrkja er det Engleverkstad. Det er ved aktivitetane i Helgheim, i teltet og i Gamleskulen det vert spurt om frivillige.



Det trengst frivillige til å hjelpe til med kakebaking og kakesalg.

Elin Enes frå Dameevenene bed om hjelp og oppmodar sterkt til at ein melder seg. Arbeidsoppgåvene går på å selja kaffi, kaker og graut. Det vert også seld julenek. Ein legg opp til aktivitetar for born i Helgheim.

Julegrantenninga er eit tradisjonsrikt arrangement med omdøme langt utover bygda og kommunegrensa. NRK Hordland var i si tid her og laga reportasje frå engleverkstaden i kyrkja og frå sjølvte tenninga. Programmet vart den gongen sendt både lokalt i Hordaland og på Norge Rundt.

Difor er det viktig å sikra julegrntenninga i Uskedalen. Meld dykk som frivillige til elinenes@online.no



Salg av julenek er også ei aktuell oppgåve.

Tekst: Kristian Bringedal
Arkivfoto: Thor Inge Døssland
Nett: Thor Inge Døssland